



Den store kaikranen på Eidsvik har fått logoen Selstad.

**Den store industrikranen på Eidsvik har fått ny logo. Det er ein del av avtalen Eidsvik Eigedom har med Selstad, Måløy om bruk av anlegget som servicestasjon for oppdrettsnæringa. Kaikranen har vore demontert for service og oppgradering. Det er venta at kranen skal vera ferdigmontert innan utgangen av denne veka.**

Svein Arne Eidsvik i eigedomsselskapet fortel til Uskedalen.no at det også vert arbeidd med å ta bort deler av den gamle hallen. Hallen vert korta ned med om lag 6 meter for å gje plass til vasketromler og tankar for merdane. Nedkortinga går ut på å ta bort søyler, takstolar og plater. Den fyrste beddinghallen er frå midten på 1960 talet.

Det 190 meter lange skipet, EIDE TRANSPORTER, vert liggjande inntil vidare. Det vert frå eigar si side arbeidd med sal eller utleige av skipet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs